



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
22/238080-8

Dykkar referanse:  
22/6522 – 23/1363

Vår dato:  
26.01.2023

### Tilbakemelding – Teikningsgrunnlag – avkøyrsløysing og køyremønster varelevering Knarvikplanen område BS17 og BS18 – Alver

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 22.11.2022, vår førebelse tilbakemelding i saka, supplerande dokumentasjon frå Alver kommune, mottatt den 13.01.2023.

Alver kommune ynskjer at Statens vegvesen uttaler seg om avkøyrsløysinga knytt til tiltaket som Bonava prosjekterer for BS17 og BS18 i Knarvikplanen. Her er det planlagt felles varelevering og renovasjonspunkt for desse tomtane på BS17.

På bakgrunn av sist mottatte teikningar har vi gjort ei vurdering.

- Avkøyrsløysing til varelevering og renovasjon er plassert for nær krysset mot Kvassnesvegen. Avkøyrsla vert svært utflytande, så lenge den ligg ved sidan av avkøyrsla til P-kjellaren. Ein eventuell mur i samband med avkøyrsløysing til P-kjellar kan hindre sikt. Det er ikkje vist noko teikning som gjev oss grunnlag for å sei noko konkret om dette.
- Etablering av ei løysing som tek i vare køyremåte B må være eit minimumskrav, slik at ein ikkje kryssar over midtlinja til Kvassnesvegen. Det er ein del trafikk på denne vegen. Eit køyretøy som kryssar midtlinja vil kunne presse anna trafikk inn sykkelfeltet, noko som er trafikkfarleg. Det kan og føre til at motgåande trafikk i staden vel å stanse. Dette vil kunne gje ei tilbakeblokkering ved rundkøyringa.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

- Det må gjennomførast ei sporingsanalyse i høve til bevegelsar frå sør i Kvassnesvegen. Trafikk kan også komme herifrå. Teikning viser  $R=9$  men denne viser ikkje køyremåte B. Det må utarbeidast ny sporingskurve som viser køyremåte B frå alle retningar.
- Det manglar ei gangfelt parallelt med Kvassnesvegen ute i krysset. Det er ikkje sannsynleg at mjuke trafikantar langs Kvassnesvegen vil nytte gangfeltet som er vist lenger inne i SKV17. (Røsvikhaugane). Gangfelt må trekkast minimum 5 meter inn i krysset.
- Det må synleggjerast korleis bygg på nordsida og sørsida påverkar sikten i krysset. Kva aktivitet er det lagt opp til på desse areala nærmast krysset? Dette er vanskeleg å sjå ut frå teikningar.
- I kva grad vert bygg A råka i høve til sporingsanalyse frå sør? Må det gjerast endringar i krysset? Vi peiker spesielt på at det må vere tilstrekkeleg sikt mot sykkelfeltet.

Dette er Statens vegvesen sine vurderingar basert på det materiellet vi har mottatt. Dersom Alver kommune ynskjer at vegvesenet skal vurdere saka igjen, basert på dokumentasjonen vi meiner at må utarbeidast vil vi kunne gjere det.

Transportforvaltning  
Med helsing

Kjell Erik Myre  
fung. seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*